

Kartlegging av blomar, fuglar og dyr i området Tverrfjellet.

Strekninga Jardalen, Svartekari, Tverrfjellet og til foten av Storevarden.



Reinsbukk i Jardalen med Tverrfjellet i bakgrunnen. 14.05.2014



Snøsildre og fjellrype hofugl.

Svein Hjelmeset september 2014

hjelmesets@hotmail.com

Innhald.

Framsida: Bilde av reinsbukk med Tverrfjellet i bakgrunnen. Snøsildre og fjellrype har og fått plass på framsida.

Gjennomføring av prosjektet	3
Fjellsmelle	4
Snøsildre	5
Greplyng	6
Dvergssoleie	7
Tuearve	8
Bekkesildre	9
Issoleie	10
Snøarve	11
Raudsildre	12
Rynkevier	13
Fuglelivet	14
Boltit	15
Snøspurv	16
Fjæreplytt	17
Sluttord	18

Gjennomføring av kartleggingsarbeidet.


Eg hadde 3 turar i området i sommar: 14. mai, 1. juli og 19. juli. Elles byggjer rapporten på tidlegare observasjonar heilt tilbake til 2003. Det rikaste området ved foten av Storevarden (sørsida) vart for lite undersøkt. Ramma for oppdraget tillet ikkje fleire turar. Bør sjekkast nøyare ved eit seinare høve. Sist i mai eller tidleg juni ville vere gunstig med tanke på vårbloomane.

Eg fann nokre blommar som indikerer kalkgrunn, men ikkje så mange sortar som i Fagredalen og i Moraftaområdet.

Spennande fugleobservasjonar vart gjort. Kjem meir tilbake til det seinare i rapporten.



Litt av området eg hadde synfaring i 01.07.2014



Fjellsmelle:

*Silene
acaulis*

Fjellsmelle er ei urt i smelleslekta i nellikfamilien. Nellikfamilien er ein stor familie med 80 arter i Norge og over 2000 i

heile verda. Fjellsmelle likar seg best på kalkrik grunn, og i polare strok eller i fjellområde. Blomstring frå juli til august. Planten vert kalla kompassblomstrande. Dette fordi blomstringa startar på sørsida av tua og blomstrar til sist på den nordvedte sida.

Det er også ein kvit variant av fjellsmelle. Denne er sjeldan og veks berre i polare strok.



Fjellsmella blir frå 2-8 cm høg, og tuva kan bli opp til ein halv meter i diameter. Ei slik tuve kan bli 100 år gamal. Det er også denne planten som er mest utprega puteforma i Norge. Blomstrane er raude 5-talsblomstrar. Dei har 5 kronblad og like mange begerblad. Sidan dei veks i tuer greier dei betre å halde temperaturen høg nok til å lage frø i dei vindfulle vekseområda. Frøa vert spreidde med vinden. Rota til fjellsmella er pelerot. Her vert det samla mykje næringsstoff som planten kan leve på gjennom harde vintrar.



Foto: Svein Hjeltneset

Snøsildre:
Saxifraga
nivalis

Snøsildre er ein plante i sildrefamilien. Planten er kring 15 cm høg, har tjukke grovtagga rosettblad med hår som oftast er purpurfarga på undersida. Blomstring i

berg og knausar i juli i fjellet. Veks helst i område med alkalisk grunn. Snøsildra formeirer seg

ved både frø og rosettaktige skotfragment som blir skilt ut frå morplanten. Funnen opp til 2200 moh.



Foto: Svein Hjeltneset



Grepplyng:

*Loiseleuria
procumbens*

Grepplyng er ei dvergbusk i lyngfamilien. 2-10 cm lange krypande skot, vintergrøne blad og lyseraude blomster. Veks på tørre rabbar og over flate steinar, nokså

Foto: Svein Hjelmeset

vanleg frå Setesdalen til Finnmark. Kan vekse opp til 1900 moh.

Grepplyng har fått namnet sitt fordi planten i eldre tid vart brukt som medisin mot «gryp(p)» (knuterosen). Knuterosen opptrådte ofte kort tid etter at ein var smitta av tuberkulose. Kunne då få hovne kjertlar, brysthinnebetennelse, pleuritt.



Foto: Svein Hjelmeset

Dvergssoleie: *Ranunculus pygmaeus*



Foto: Svein Hjelmeset

Dvergssoleie 19.07.2014.

Dvergssoleie er ein plante i soleiefamilien. Arten har ei [sirkumpolar](#) utbreiing (utbreiinga er då meir eller mindre samanhengande rundt enten Nord- eller Sørpolen). Planten vert om lag 5 cm høg og har langskafte lysegrøne blad og tynn stengel med brune hår. Blomsten er 6-7 mm brei. Begerblada er lodne og kronblada korte og lysegule. Nøttefrukta har kort kroknebb. Blomstrar i juli månad på fuktige stader og snøleger til fjells.

Tuearve: *Minuartia biflora*.



Foto: Svein Hjeltneset

Tuearve

Tuearve blir 5-10 cm høg og blomstrar i juli-august. Veks i lause tuer med smale butte blad. Stengelen og blomsterstilken er hårete. Begerblada er butte og kronblada er lenger enn begerblada. Kvit farge på blomsten. Veks på grasmyrar og grusflekkear, ofte der snøen ligg lenge.

Sjeldan å sjå denne blomsten i Gloppen kommune.

Bekkesildre: *Saxifraga rivularis*



Foto: Svein Hjelmeset

Bekkesildre 19.07.2014.

Bekkesildre høyrer til sildrefamilien og har ei [sirkumpolar](#) utbreiing (utbreiinga er då meir eller mindre samanhengande rundt enten nord- eller sørpolen). Planten er ca 5 cm høg og har saftige, skjøre stenglar og mørkegrøne blad som ofte er jamhøge med stenglane. Kvite kronblad som er litt lenger enn begerblada. Blomstrar i juli på våte stadar ved bekkar og snøleger.



Issoleie: *Ranunculus glacialis*.

Issoleie er fleirårig og høyrer til soleiefamilien. Høgfjellsplante som blir 5-25 cm høg. Har tjukke, blanke, oppflika blad og store blomstrar som utover i blomstringa skifter farge til djup raud. Blomsten fungerer som ein parabol, som vender seg mot sola og som skaper eit varmare

Blomstrande issoleie 01.07.2014

mikrohabitat for insekt i den høgalpine sona. Arten er [amfi-atlantisk](#) (utbreidd på begge sider av Nord-Atlanteren, men ikkje heile vegen rundt Nordpolen). Issoleie er funnen på veg mot Galdhøpiggen i 2370 meters høgde.

Blomstrande issoleie 01.07.2014



Når issoleia er befrukta «rødmar» ho og får andre fargar på kronblada.01.07.2014

Snøarve: *Cerastium nigrescens*.



Snøarve 19.07.2014

Snøarve er ein fleirårig urt som høyrer til nellikfamilien. Veks helst i fjelltraktene. Han kan bli opp til 20 cm høg. Planten har grønne støtteblad , butte begerblad og rundare, meir tettsitjande blad enn hjå fjellarve. Veks i tuer på våte grusete snøleger på kalkgrunn. / *Jotunheimen er planten funnen på 2245 meters høgd.*



Raudsildre:
Saxifraga
oppositifolia.

Raudsildra blomstrar i mai-august. Stenglane som er krypande og forveda, lagar puter eller matter. Veks den i bratt

terreng, lagar det seg lange hengande skot som på bildet.



Bladspissane er dekte av kalkskorpe. Raude blomster. Likar seg best på kalkrik grunn heilt opp til 2350 moh. Raudsildra finn ein og på Grønlands nordkyst.

Raudsildre med hengande utløparar.

Rynkevier: *Salix reticulata*.



Rynkevier i full blomst.

Rynkevier som er kalkkrevjande, finn du og i dette området. Han veks ut frå sprekker i nokre små fjellhamrar. Dette er ei dvergbusk på nokre få cm høgd. Stammen er sterkt greinete og kryp i jordoverflata. Blada er tjukke og stive med silkehår på undersida. Sikker merkeplante for kalkhaldig grunn. Heile denne slekta er særbu.

Snøull: *Eriophorum scheuchzeri*

Høyrer til storrfamilien og veks i tette matter. I toppen ein kraftig kvit dusk med snøkvit ull. Om seinsommaren, i juli til august, står det tett i tett med snøkvite ullduskar på strå, helst på fuktige flater. Medan duskull og torvull er låglandsplantar som også går til fjels, er snøulla ein ekte fjellplante.



Dei tradisjonelle fuglane er framleis på plass i området: heipiplerke, steinskvett, heilo, fjellrype, lirype, ringtrast og snøspurv.

Det spesielle er at det ser ut for at nye fuglesortar er i ferd med å prøve ut området i hekkeperioden. Dette gjeld boltit i 2013 og fjæreplytt i 2014.



Her er nokre av dei fuglane som har hekka i mange år i området frå Jardalen til Tverrfjellet. Tek med snøspurv, boltit og den nyaste hekkefuglen av alle: Fjæreplytt på dei neste sidene.

Boltit: *Charadrius morinellus*.



Boltiten er ein middels stor vadar med ei lengd på 21-24 cm. Nebbet er gråsvart og beina er gule. Eit lyst band over brystet og kraftige augebrynsstrek som går i hop i nakken til eit v-teikn. Brystet er raudbrunt og ryggen mørkare men i brunt. Hofuglen har skarpere og finare fargar enn hannfuglen. Hofuglen reiser så snart ho har lagt egga for å finne seg ein ny hannfugl å pare seg med. Gjenverande hannfugl må både ruge ut egga og fostre opp ungane.

I 2012 hekk boltiten i Svartebotnen og fekk fram 2 ungar. I mai 2013 vart

dei avbilda fuglane på denne sida observert i oppstigninga til Tverrfjellet. Kanskje hekking det året.



Snøspurv: *Plectrophenax nivalis*.




Snøspurven er om lag 17 cm stor. Du kjenner hannen fort på den kontrastrike, kvite og svarte drakta. Når han flyg, er det dei påfallande lange kvite vengene med svarte spissar ein legg mest merke til. Hoa er mindre kontrastrik. Ho er nærmast brun og gråkvit. Songen kling vakkert i fjellaudet. Det liknar litt på lappspurven sin varierende song. Snøspurven hekkar for det meste i høgjellet over store delar av landet. I Nord-Noreg er han vanleg heilt ut til kysten. Dei hekkar for det meste i blokkmark og ur med lite vegetasjon. Snøspurven reiser til hekkeplassane sine tidleg i april-mai. Hofuglen byggjer reiret av strå, mose og fôrar det med fjør og hår. Ho byggjer reiret gjerne under ei steinblokk eller djupt nede i ei steinrøys. I mai-juni legg hoa 5-6 egg i det lune reiret. Ungfuglen liknar på hoa. **NB. Det hekkar 6-10 par snøspurv mellom Svartekari og Tverrfjellet.**



Fjæreplytt: *Calidris maritima*.



Hannfuglen og hoa er like store, omtrent 22 cm. Han er mellom myrsnipa og polarsnipa i storleik. Fuglen er tettbygd og kortbeint. Vinter- og sommardrakta er omtrent like. Han er mørkegrå og brun over heile kroppen, bortsett frå buken, som er kvit. Har eit langt, litt bøygde nebb. Har ein mørk flekk ved auget, og ein tilsvarende større flekk ved øyret. Kan kjennast igjen frå myrsnipa ved at hanikkje har ein svart bukflekk. Den er også svært lite sky.



Reiret er ei grop fylt med tørre blad og liknande. Legg 3 eller 4 grøne eller lysebrune egg med brune flekkar i juni, og både hanfuglen og hofuglen rugar i til saman ca. 21 dagar. **Etter ruginga reiser hoa.** Ungane kan fly 3 veker gamle. Et både vegetabilsk og insekt og smådyr. Dei fleste overvintrar i Noreg, men nokre trekker sørover til andre nordsjøkystar. NB. Midt i hekkesessonge 2014 var denne fuglen observert mellom Svartekari og Tverrfjellet. **Store sjansar for hekking i 2014.**

Sluttord.

Det har vore ein god sommar til feltarbeid. Eg vart overraska av ein del funn som vart gjort både når det gjeld blomstrar og fuglar. Tidsramma eg hadde til rådvelde, gjorde sitt til at eg ikkje kunne vere så grundig som eg kunne ynskje. Området burde undersøkjast litt nøyare til neste år.



Foto: Svein Hjelmeset

Står ein på Tverrfjellet og ser mot Botnafjellet, og veret er lagleg, kan ein få sjå denne skuggen som liknar på eit ansikt.

Sandane 04.09.2014

Svein Hjelmeset

